

Eksamen

01.06.2017

MED2003

Medieproduksjon

Programområde: Media og kommunikasjon

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Vedlegg 1: Bakgrunnsinformasjon Vedlegg 2: Logo frå Utdanningsdirektoratet Vedlegg 3: Vurderingskriterium</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Sensor vurderer i kva grad oppgåvesvaret viser at kandidaten har nådd kompetansemåla i læreplanen, og korleis kandidaten bruker og reflekterer over faglege kunnskapar og dugleikar. Det blir lagt vekt på at du viser korleis ein planlegg ein medieproduksjon, at du viser kompetanse innan produksjon, bruker fagomgrep og grunngir vala dine på bakgrunn av produksjonsfagleg og teknisk kompetanse. Vidare blir lagt vekt på at du kan drøfte og grunngi val gjennom heile produksjonsprosessen frå idé, teknisk gjennomføring og kvalitetskontroll til ferdig produkt.</p> <p>Sjå dei vedlagde vurderingskriteria.</p>
Andre opplysningar	<p>Du skal svare på alle oppgåvene. Les derfor nøye gjennom alle oppgåvene før du svarer på dei.</p>

Oppgave 1

Planleggje og gjennomføre ein medieproduksjon

Utdanningsdirektoratet (Udir) ønskjer gjennom ein kampanje å setje søkelys på fusk i den vidaregåande skulen. Målet med kampanjen er å medverke til å redusere juks på prøver og eksamenar. Ta utgangspunkt i den vedlagde bakgrunnsinformasjonen. Vel deg eit medieprodukt som skal vere ein del av Udirs kampanje. Gjer greie for planlegging og forarbeid som ligg til grunn for produksjonen av det medieproduktet du har valt. Tenk deg at du skal produsere det same medieproduktet. Gjer greie for gjennomføringa av produksjonen for det medieproduktet du har valt.

Oppgave 2

Utstyr og programvare

Ta utgangspunkt i gjennomføringa av produksjonen for det medieproduktet du valde i oppgave 1. Kva slags utstyr og kva slags programvare meiner du bør nyttast for å halde yrkesfagleg standard på produksjonen?

Oppgave 3

Format for lagring og distribusjon

Udir ønskjer at kampanjen med søkjelys på fusk i den vidaregåande skulen skal publiserast i fleire mediekanalane. Ta utgangspunkt i det planlagde og gjennomførte medieproduktet frå oppgave 1. Gjer greie for kva slags format for lagring og distribusjon som vil vere formålstenlege for medieproduktet ditt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	<p>Vedlegg 1: Bakgrunnsinformasjon Vedlegg 2: Logo fra Utdanningsdirektoratet Vedlegg 3: Vurderingskriterier</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Sensor vurderer i hvilken grad besvarelsen viser at kandidaten har nådd kompetansemålene i læreplanen, og hvordan kandidaten anvender og reflekterer over faglige kunnskaper og ferdigheter.</p> <p>Det legges vekt på at du viser hvordan man planlegger en medieproduksjon, at du viser kompetanse innen produksjon, bruker fagbegreper og begrunner valgene dine på bakgrunn av produksjonsfaglig og teknisk kompetanse.</p> <p>Videre legges det vekt på at du kan drøfte og begrunne valg gjennom hele produksjonsprosessen fra idé, teknisk gjennomføring og kvalitetskontroll til ferdig produkt.</p> <p>Se vedlagte vurderingskriterier.</p>
Andre opplysninger	<p>Alle oppgavene skal besvares. Les derfor nøye gjennom alle oppgavene før du besvarer dem.</p>

Oppgave 1

Planlegge og gjennomføre en medieproduksjon

Utdanningsdirektoratet (Udir) ønsker gjennom en kampanje å sette søkelys på fusk i den videregående skolen. Målet med kampanjen er å bidra til å redusere juks på prøver og eksamener. Ta utgangspunkt i den vedlagte bakgrunnsinformasjonen. Velg deg et medieprodukt som skal være en del av Udirs kampanje. Beskriv planlegging og forarbeid som ligger til grunn for produksjonen av det medieproduktet du har valgt. Tenk deg at du skal produsere det samme medieproduktet. Beskriv gjennomføringen av produksjonen for det medieproduktet du har valgt.

Oppgave 2

Utstyr og programvare

Ta utgangspunkt i gjennomføringen av produksjonen for det medieproduktet du valgte i oppgave 1. Hvilket utstyr og hvilken programvare mener du bør benyttes for å holde yrkesfaglig standard på produksjonen?

Oppgave 3

Formater for lagring og distribusjon

Udir ønsker at kampanjen med søkelys på fusk i den videregående skolen skal publiseres i flere mediekkanaler. Ta utgangspunkt i det planlagte og gjennomførte medieproduktet fra oppgave 1. Beskriv hvilke formater for lagring og distribusjon som vil være hensiktsmessig for medieproduktet ditt.

Bakgrunnsinformasjon

Fusk i skulen

Slik Utdanningsdirektoratet (Udir) ser det, er det fusk å kommunisere med andre på eksamen. I tillegg er det fusk å bruke omsetjingsprogram i språkfag. I enkelte eksamensformer er det fusk å bruke hjelpemiddel. Det er lokale forskjellar og ulike reglar for kva som blir rekna som fusk på prøver undervegs i skuleåret, og kva som er fusk til eksamen. Konsekvensane av fusk eller forsøk på fusk er at ein får eksamen i faget annullert og mistar standpunktkarakteren i faget.

Elevar har til alle tider fuska på prøver og eksamenar. Men ny teknologi i skulen har gitt fleire verktøy for dei som ønskjer å fuske. Det kan hevdast at det i dag er enklare enn nokosinne å fuske utan å bli oppdaga.

Kampen om attraktive studieplassar og prestasjonsjaget blant ungdom er faktorar som medverkar til at elevar vel å jukse seg til betre karakterar.

Eksempel på metodar for fusk kan vere

- å ta bilete av lærebok og notat med telefonen
- å lese inn notat eller pensum på telefonen
- å bruke andre sitt arbeid som sitt eige
- å sende og ta imot meldingar
- søk på Internett med telefonen
- lappar i pennalet
- å skrive på gjenstandar
- å leggje igjen bøker på toalettet
- å ringje folk i pausar

Bakgrunnsinformasjon

Fusk i skolen

I henhold til Utdanningsdirektoratet (Udir) er det fusk å kommunisere med andre på eksamen. I tillegg er det fusk å bruke oversettelsesprogrammer i språkfag. I enkelte eksamensformer er det fusk å bruke hjelpemidler. Det er lokale forskjeller og ulike regler for hva som regnes som fusk på prøver underveis i skoleåret, og hva som er fusk til eksamen. Konsekvensene av fusk eller forsøk på fusk er at man får eksamen i faget annullert og mister standpunkt karakteren i faget.

Elever har til alle tider fusket på prøver og eksamener. Ny teknologi i skolen har imidlertid gitt flere verktøy for dem som ønsker å fuske. Det kan hevdes at det i dag er enklere enn noensinne å fuske uten å bli oppdaget.


Kampen om attraktive studieplasser og prestasjonsjaget blant ungdom er faktorer som bidrar til at elever velger å jukse seg til bedre karakterer.

Eksempler på metoder for fusk kan være

- å ta bilder av lærebok og notater med telefonen
- å lese inn notater eller pensum på telefonen
- å bruke andres arbeid som sitt eget
- å sende og motta meldinger
- søk på Internett med telefonen
- lapper i pennalet
- å skrive på gjenstander
- å legge igjen bøker på toalettet
- å ringe folk i pauser

Vedlegg 2


Logo Utdanningsdirektoratet



Utdanningsdirektoratet

Vedlegg 3 Vurderingskriterier

Kompetansemål	Fremragende kompetanse Karakteren 5 og 6	God kompetanse Karakteren 3 og 4	Lav kompetanse Karakteren 2
Planlegge, gjennomføre og vurdere produksjoner i tekst, bilde, lyd og kombinasjoner av disse i ulike formater og til ulike medier	Er selvstendig og initiativrik i planleggingen. Disponerer ressursene hensiktsmessig i gjennomføringen. Har et reflektert forhold til egen arbeidsprosess og fagkunnskap	Har planlagt og gjennomført en produksjon, viser fagkunnskap og kan anvende relevante deler av den. Leverer korrekt	Leverer mangelfullt. Kan beskrive arbeidsprosessen. Har noe innblikk i fagkunnskapen.
Bruke grunnleggende fagterminologi og forklare ulike medietypers produksjonsforløp fra idé til ferdig produkt	Bruker faguttrykk på en god og reflektert måte for å begrunne egne valg og for å forklare prosesser	Har god forståelse for terminologi og kan forklare ulike produksjonsforløp fra idé til produkt	Viser noe forståelse og kjenner faguttrykk i noen grad
Velge og bruke utstyr og programvare tilpasset produkt og rammevilkår	Har stor kunnskap om utstyr og programvare og utnytter dette kreativt	Har god kunnskap om utstyr og programvare og bruker dette hensiktsmessig	Kjenner til programvare og utstyr og bruken av dette
Bruke ulike filformater, oppløsning, komprimering, vektor- og bitmap-grafikk tilpasset ulike medier	Har svært god kunnskap om filformater og bruker dette på en bevisst og gjennomtenkt måte	Har god kunnskap om filformater og bruker dette på en relevant måte.	Har noe kjennskap til filformater og anvender kunnskapen i noen grad
Velge og bruke utstyr og programvare tilpasset produkt og rammevilkår	Har stor kunnskap om utstyr og programvare og utnytter dette kreativt	Har god kunnskap om utstyr og programvare og bruker dette hensiktsmessig	Kjenner til programvare og utstyr og bruken av dette
Karakteren 1 uttrykker at besvarelsen viser lavere måloppnåelse enn det som er beskrevet ovenfor.			



www.vigoiks.no/eksamen